



Tildeling av tilskudd til Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) - våren 2026

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Formannskapet	

Rådmannens innstilling

Hol kommune løyver SMIL tilskot til følgjande søknadar, med grunngiving slik den går fram av vurderinga i saksframlegget:

- 1 Lauvrud – rydde beite på Levorstølen, Geilo – kr 16 675
- 2 Nestegard – rydde beite ovanfor Villand nordre, Hovet – kr 143 750
- 3 Bye gård – rydde beite ovanfor Kjønnås nordre, Dagali – kr 160 000
- 4 Rueslåttan Paulsen – setje opp kraftførsilo på Gurostølen – kr 144 000
- 5 Oddestad – restaurere gml loft på Fosshagen – kr 144 000

For tilskot til å rydde beite er det eit vilkår om utleige eller eige bruk til beite for husdyr i minst 10 år etter sluttutbetaling – det er standard vilkår jf. forskrift og retningsliner.

For tilskot til å restaurere gml. stølsbu er det eit vilkår om at ein brukar opp att vindauge og dører så langt det let seg gjere, og legg vekt på at bygget etter restaurering skal sjå ut som det gjorde opphavleg.

Kopi av gjødslingsplan må sendast inn ved anmodning om sluttutbetaling, slik det går fram av forskrifta.

Saken avgjøres av

Formannskapet

Vedlegg

Vedlegg

- 1 Lauvrud - beiterydding - flyfoto
- 2 Lauvrud - beiterydding - oversynskart

- 3 Nestegard - beiterydding - kartutsnitt
- 4 Bye gård - beiterydding - oversynskart
- 5 Bye gård - beiterydding - foto nr 1
- 6 Bye gård - beiterydding - foto nr 2
- 7 Bye gård - beiterydding - flyfoto
- 8 Bye gård - beiterydding - flyfoto nr 2
- 9 Rueslåttén Paulsen - kraftforsilo Gurostølen - plassering - flyfoto
- 10 Oddestad - restaurering loft - oversynskart
- 11 Oddestad - restaurering loft - foto av fasade
- 12 Oddestad - restaurering av loft - uttale frå fylkeskommunen om verneverdi
- 13 Felles tiltaksstrategi SMIL for kommunane i Hallingdal 2024-2027

Saksopplysninger

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) vert tildelt etter gjeldande nasjonal forskrift for ordninga og felles retningslinjer for SMIL tilskot i kommunane i Hallingdal 2024 – 2027. For Hol kommune er det vedteke at søknadane skal fremjast for politisk handsaming i formannskapet. Det er motteke 5 søknadar innan søknadsfristen 1. mars:

- 1 Lauvrud – rydde 17 da beite på Levorstølen, Geilo – brukar hogstmaskin /lastberar
– kostnad kr 33 350 – søkt om kr 16 675
- 2 Nestegard – rydde beite ovanfor Villand nordre, Hovet – motorsag /ATV, gjerder inn
– kostnad kr 287 500 – søkt om kr 287 500
- 3 Bye gård – rydde beite ovanfor Kjørnås nordre, Dagali – motorsag/snøscooter/tråkkemaskin
– kostnad kr 320 000 – søkt om kr 320 000
- 4 Rueslåttén Paulsen – setje opp kraftførsilo på Gurostølen – betong /reisverk i tre, «skrue»
– kostnad kr 480 000 – søkt om kr 144 000
- 5 Oddestad – restaurere gml loft på Fosshagen – drenere, løfte, nye stabbar, heve inngang, Hending har laga kostnadsoverslag
– kostnad kr 649 000 – søkt om kr 160 000

For alle søknadar er det sendt inn digitale søknadsskjema med kartutsnitt, kostnadsoverslag og nokre gonger foto.

Utvalde og relevante vedlegg er lagt ved saksframlegget, for å syne kvar det er og type tiltak.

Forhold til overordnet plan

Alle tiltaka ligg i område synt som landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF) i arealdelen til kommuneplanen. Samfunnsdelen til kommuneplanen slår også fast at kommunen skal forvalte statlege midlar slik at landbruket i kommunen kan gjere drifta si betre gjennom aktuelle tiltak.

Miljøkonsekvenser

Det er ikkje registrert særlege natur- eller miljøverdiar i Naturbase for omsøkte område. Tiltaka gjer det mogeleg å forvalte og skjøtte områda betre enn i dag, og kjem uansett ikkje i konflikt med dei omsyna naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ivareta. I regionen er det større problem med for lite beitedyr enn for hardt beitepress.

Økonomiske konsekvenser

Ingen for kommunen, dette er statlege midlar som kommunen fordeler jf. forskrift og retningslinjer kvart år. Tilskotsramme i Hol kommune for 2026 er kr 700 000, betydeleg auke frå i fjor pga høg aktivitet og mange søknadar.

Det er to søknadsfristar i året, 1. mars og 20. august. Tildeling reduserer ramma med tilsvarande. Tilskotsramme som ikkje er tildelt ved fyrste søknadsfrist vert tildelt ved andre søknadsfrist. Ved årets slutt vert eventuelt framleis udisponert ramme inndrege av staten.

Vurdering

Generelt:

I vurderinga av samtlege søknadar brukar ein retningslinene og satsane i desse i tillegg til gjeldande forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

Jf. retningslinjer og forskrift er søknadane om tilskot til restaurering av verneverdige bygningar sendt til fylkeskommunen som kulturminnevernmynde. Kommunen må leggje stor vekt på desse uttalene. Etter nasjonal forskrift kan ein berre gi støtte til utvendige tiltak på verneverdige bygg, og det er uansett sett grense for kor mykje ein kan gi i tilskot, det er pr. no avgrensa til kostnad på kr 360 000, med sats på 40 % gir det maks. kr 144 000 i tilskot.

For beiterydding kan ein gi inntil 50 % tilskot til maskinell og manuell rydding samt utskifting av gjerde etter fastsette satsar, når beitet skal brukast til eigne husdyr eller vert leigd bort til aktive gardbrukarar som har beitedyr. Det skal berre gis tilskot til rydding av eksisterande og tidlegare innmarksbeite, stølsvollar og marginal dyrka jord – ikkje til hogst og rydding av heilt nye beiter frå t.d. areal som alltid har vore skog. I tillegg til maks. tilskot på kr 5 000 pr. da har ein siste åra også nytta maks. samla tilskot på kr 160 000.

I 2025 opna staten for at kommunane også kan løyve SMIL tilskot til investeringar til stølsdrift. I Hallingdal er dette teke inn i retningslinene på lik line med restaurering av verneverdige bygg, og knytt til aktive stølar med mjølkeproduksjon.

Konkret vurdering av kvar søknad:

Søknadane er sett opp i tabell, nokre har søkt om høgare tilskot i høve til kostnaden enn det forskrift og retningslinjer opner for, det er også lagt inn praktisert tilskotstak for bygg. Ein har sett til at kostnadsoverslaga er dokumentert og i samsvar med satsar i retningslinene.

Lauvrud driv sauehald på 60/6 Lauvrud på Geilo med om lag 150 vinterfôra sau i Debio-sertifisert økologisk drift, og treng meir beite til desse. Levorstølen er ein heimstøl som høyrer til garden, og som vil verte godt beite når den er rydda (er attgrodd i dag). Skal gjerdast inn.

Nestegard har kjøpt 30/2 Villand nordre i Hovet der han har drift med ammekyr (og ungdyr storfe), han er i gang med å få dei Debio-sertifisert i økologisk drift og treng då meir heimebeite. Rydding av beite skal skje ovanfor det beitet som tidlegare er rydda. Dette er attgrodd beitemark som har vore i bruk for mange år sidan, og som vil gi meir beite til dyra.

Bye gård driv hestehald i Dagali (konsept med hestepensjonat til fjells, har bygd større ridehall nedanfor Bygdevegen) og har rydda attgrodde beiter ved gardsbruket 97/1 Kjønås nordre, denne ryddinga held fram lenger opp i lia. Det er teikn til at det er beitemark brukt i eldre tid, men det vil gi godt beite for hest som likevel ikkje treng svært høg kvalitet i beita.

Rueslåttén Paulsen driv mjølkeproduksjon på 32/10 Larsgard nordre i Hovet med om lag 30 mjølkekyr i lausdriftsfjøs og eige ysteri på Rueslåtta ovanfor Hagafoss. I tillegg har dei stølsdrift med mjølkeproduksjon på Gurostølen ved Stryknesdammen. Sjølv om dei brukar No Fence på kyrne og desse beitar mykje i området, så er det trong for å bruke kraftfôr om sumaren fordi ein naturleg nok ikkje kan gi så mykje grovfôr elles. Det er i samsvar med retningslinene å gi tilskot til å setje opp kraftfôrsilo, som reduserer køyring ut dit, lettar arbeidet og sikrar framtidig stølsdrift.

Oddestad har kjøpt gardsbruket 55/2 Fosshagen (i lia mellom rv 7 på Foss og elva) og set no i stand bygga der. Jordbruksarealet er utleigd til gardbrukar i området, ho har ikkje eigne husdyr. Fylkeskommunen har uttalt at loftet ho søker tilskot til ikkje har nasjonal eller regional verneverdi, sjølv om det er registrert i Sefrak basen som verneverdig bygg. Det finst lite informasjon og har berre lokal verneverdi. Ein kan likevel vurdere å gi tilskot, fordi eigaren har /er i ferd med å busetje seg der og fordi det er eit element i kulturlandskapet ein bør ta vare på. I søknaden er det synt til historikk med kjende låsesmedar som budde der, men det er ikkje relevant i SMIL ordninga som er tilskot etter jordbruksavtala og ikkje er knytt til kulturhistorie. Pga låg verneverdi er avgrensa tilskot som det går fram av tabellen det maksimale ein bør gi, og sjølv det under tvil.

søklar	type		kostnad	søkt	rev kostn	tilskot
Elin S B Lauvrud	beiterydding	Levorstølen	33350	16675	33350	16675
Sander L Nestegard	beiterydding	Villand, n	287500	287500	287500	143750
Bye gård	beiterydding	Kjønås	320000	320000	320000	160000
Jarle H R Paulsen	kr for silo støl	Gurostølen	480000	144000	360000	144000
Helen Oddestad	rest gml loft	Fosshagen	649000	160000	360000	144000

Konklusjon:

Rådmannen kjem fram til slik tilråding når ein vurderer søknadane ift forskrift for SMIL ordninga og retningslinjene. Nokre tilskot er avgrensa ift forskrift og retningsliner.

Dersom rådmannen si tilråding vert følgd løyver Hol kommune kr 464 425 i SMIL tilskot våren 2026. Resterande ramme på kr 235 575 er disponibelt ved ny søknadsfrist 20. august. Av erfaring kjem det fleire nye søknadar då, ein er kjent med at nokre planlegg tiltak men ikkje fekk sendt søknad før fristen i vår.